

Bringsværd fekk ærespris

OSLO: Norsk kulturråd sin ærespris for 2010 går til forfatteren, dramatikaren og oversetjaren Tor Åge Bringsværd. Æresprisen blir kvart år tildelt ein person som har gjort ein vesentleg innsats for norsk kulturliv. Prisen er på 500.000 kroner og vert delt ut 1. desember. Vinnaren er ein av noregs mest produktive forfattarar og dramatikarar, og har med sitt leikne og fantasifulle uttrykk glede, rort og engasjert vaksne og barn gjennom fleire tiår, seier Kulturrådet i grunngevinga. – Eg er overraska og stolt, sa Tor Åge Bringsværd då han fekk den gledelege nyhenda over telefon frå rådsrådet.

– Gledeleg for Riksscenen og det frivillige

OSLO: Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg gler seg over den auka løyvinga til Riksscenen og over ei auka momskompensasjon som vil kome det frivillige musikk- og dansmiljøet til gode. – Auken i tilskotet til Riksscenen er flott. Me gler oss til samarbeid i miljøet om sceniske produksjonar som kan brukast fleire stader i landet. Det er difor viktig for både oss og Riksscenen at dette tilskotet også aukar i åra framover, seier Maria Høgetveit Berg, styreleiar i Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg. Ho meiner også at momskompensasjonen for frivillige blir ein fin stimulans for organisasjonen i samband med satsinga på lokallaga og på arbeidet for den sosiale dansen.

10.000 år – og keyboardet kom akkurat i tide

Jubileumstur Kulturell utveksling 45 lærdøler i Jeriko

JERIKO: – De er heldige at det er sopass mildt når de er her, insisterar lokalbefolkninga. Det nærmar seg 30 grader, og scena i sentrum av byen er i ferd med å bli sett opp. På ein restaurant like ved sit den norske delegasjonen og ventar spent. Dei har eitt instrument for lite.



JERIKO: Representantane frå Lærdal skuar over sitt palestinske publikum.

Den 10.10.2010 sette Jeriko i gang feiringa av sitt 10000-årsjubileum for grunnlegginga av byen. Heile kommunen er sett i sving, og oppgraderingar av blant anna vegnett og museum er snart ferdig. Ein del av feiringa er ein konsert i sentrum av byen. Songar Guro Eri Jacobsen, gitarist Marius Dille Tufte, felespelar Erlend Apneseth og pianist Jostein Avdem Fretland, samt trekkspelar Tom Karlsrud og palestinske Jamil Sayeh var Lærdal sitt bidrag til jubileet.

Ein ting mangla

Men to timar før konsertstart manglar framleis ein ting: Eit fungerande keyboard. Under lydprøva har keyboardet til Fretland vist seg å vera ute av stand – mest truleg på grunn av temperaturskilnadar under flyturen, hard behandling av flypersonalet eller begge deler. Siste beskjed frå den lokale fiksuren, Issa Erekat, tidlegare livvakt for Yassir Arafat, er at ei erstatning er på veg frå Ramallah, omlag 4 mil unna.

Mellom han og Jeriko står fire midlertidige, israelske checkpoints, og som livvakt for sjefsforhandlar Saeb Erekat og PLO-veteran er han ikkje av dei enklaste å få gjennom. Det er tre kvarter til konserten startar.

Venskap

Lærdal sitt kommunevenskapsforhold til Jeriko er årsaka til at 45 indresogningar har innteke byen.

Blant reisedeltakarane er ovanfornemnde musikarar, folkedansarar, representantar for Lærdal Kommune og Vennskap Jeriko-Lærdal, samt andre turistar. Vennskap Jeriko-Lærdal jobbar for å utvikla tilhøvet mellom kommunane gjennom besøk og utveksling, både av kunnskap og kultur for å ta vidare vennsksavtala signert under Lærdalsmarknaden i 1998.

Seint, men godt

Attende i Jeriko har det andre bandet i konserten, det jersalemske raprockbandet Culture Shock – sagt seg villige til å byta speletider med nordmennene for å gi dei litt meir tid. Issa er framleis på veg mot

sentrum, og har langs vegen blant anna pådrege seg ei fartsbot.

Men så, med om lag 10 minutt å gå på, kjem Issa med eit keyboard. Musikarane sitt kroppsspråk vert snøgt endra til det betre, og konserten kan starta.

Kulokk

Trass nokre småproblem undervegs, haustar konserten mykje applaus hjå det lokale publikumet, og det vart jubel blant jerikanarane då vokalist Guro sang den tradisjonelle, norske kulokken «Ho sete på Hammarsete» frå Kvigno i Erdal.

– Denne konserten er som ein draum som går i oppfyljing, seier Arne Sanden, ordførar i Lærdal etter endt framsyning.

I tillegg til songningane deltek óg andre venskapsbyar som Trondheim og Moskva i jubileumet. Feiringa heldt fram måndag med ein konsert i Lærdal Park i sentrum av Jeriko, der lærdølene blant anna serverte norsk musikk, barneleiker, folkedans og vaflar.

Andreas Hadsel Opsvik
redaksjon@sognavis.no



FOLKERIKT: Mange hadde mott fram for å sjå sogningane spele norsk og

palestinsk folkemusikk

Gjensynsglede i Jeriko

JERIKO: Den palestinske musikaren Jamil Sayed var tidlegare i år i Lærdal for å øve til Jeriko sitt 10000-årsjubileum. Gjensynsglede var stor då dei nedfarne lærdølene fekk møta Jamil igjen.

– Eg elsker dei. Ikkje som ein mann elsker ei kvinne, men som ein mann elsker ein son, seier han og smiler.

Etter at Jamil i siste liten fekk visum, var han i juli i Lærdal for å øva med lærdølene. Då vart planen lagt for jubileumsfeiringa som pågår i desse dagar. Til konserten har dei forebudd ei blanding av norsk og arabisk folkemusikk, i regi av Jeriko og Lærdal Kommune.

– Eg føler at det er mest personleg å sende eit bidrag som er såpass folkeleg, seier gitarist Marius Dille Tufte.

Jamil Sayeh er ein palestinsk songar og oud-spelar (oud er eit arabisk strengeinstrument) som har spelt mykje med inter-

nasjonale artistar. Av nordmenn har han tidlegare spela med mellom anna Morten Harket.

Nordmennene hadde ikkje anna enn lovord om den erfarne musikaren:

– Han er ein herleg fyr, seier Jostein Avdem Fretland. – Han er på ein måte så folkeleg som ein kan få det, han er ein verkeleg snill mann, fullfører Marius. Erlend Apneseth skyt inn: – Pluss at han syng som ein gud då. Jostein avslutter: – Røysta hans går inn i marg og bein. Det vert no planlagt ein CD med musikken frå dette prosjektet.

Fokus på kulturbasert næring

EID: Kulturbasert næring som distrikts- og stedsutvikler! Det er tema for konferansen i Operahuset på Nordfjordeid 3. november.

«For å oppretthalda og utvikla distrikta er det viktig at me fokuserer på bolyst og næringsutvikling. Kulturbasert næring gir innovasjon, nye arbeidsplassar og auka kulturelt innhald lokalt. Det

vert skapt store mengder kultur i Norge, og mykje av dette kan kommersialiseras. Fleire kommunar og regionar har alt hatt gode erfaringar med dette, og konferansen vil belyse kva som ligg til grunn for suksessen og korleis dette kan attkapast av andre aktørar», heiter det i ei pressemelding.



IMPULSAR: Musikantar frå mange ulike sjangrar og miljø spelte saman i Jeriko.

Lave priser hver dag

Kampanjevare!



Kjøttdeig
Gilde, 400 g, 62,25/kg

24⁹⁰

Kampanjevare!



Pizza Risorante
Dr. Oetker, pollo/
speciale/prosciutto/
mozzarella, 320-355 g,
56,06-61,23/kg

19⁹⁰

Kampanjevare!



Norske epler
Pr. kg

14⁹⁰

Kampanjevare!



Friele frokostkaffe
3-pk
3 x 250 g, filtermalt,
59,87/kg

44⁹⁰

Kampanjevare!



**Freia store plater/
Premium/Melkedrøm**
100-200 g,
84,50-169,00/kg

16⁹⁰

RIMI

Vi tar forbehold om eventuelle trykkfeil og at noen varer kan være utsolgt. Kun for private husholdninger. Prisen gjelder til 17.10. 2010

Hårek

